

HISTO RIKAR VERK SEMDA

Kulturminnedokumentasjon, tilleggsrapport

Årstad, gnr. 15, bnr. 429 m. fl.,
delfelt S7 Mindemyren

Innhald

1. Innleiing	3
2. Bygningshistorikk	3
3. Kart	5
4. Foto	6
4.1 Historiske foto	6
4.2 Dagens situasjon	9
4.2.1 Eksteriør	9
4.2.2 Uthus, hagenalegg, garasje og omgivnad	13
4.2.3 Interiør	17
5. Avslutning	21
6. Litteratur og kjelder	22
7. Vedlegg	22

Februar 2017

PROSJEKT: Årstad, gnr. 15, bnr. 429 m. fl, delfelt S7 Mindemyren

FORSLAGSSTILLAR: Bob eiendomsutvikling AS / NLA høgsolen

PLANKONSULENT: Ard Arealplan AS / MAD arkitekter AS / B+B arkitekter AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

SAKSBEHANDLAR: Ingrid Myrstad, faghistorikar

KONTAKT: ingrid@historikarverksemda.no | +47 986 13 006

1. Innleiing

Historikarverksemda SA utarbeidde våren 2016 kulturminnedokumentasjon for reguleringsplan for Årstad, gnr. 15, bnr. 429 m. fl, delfelt S7 Mindemyren. Rapporten blei laga på oppdrag frå Bob eiendomsutvikling AS og NLA Høgskolen, som i samarbeid med Ard arealplan AS, MAD arkitekter AS og B+B arkitekter AS var i gang med detaljregulering av planområdet.

Føresetnaden for planen har sidan den tid endra seg noko, og reguleringsplanen inneber no tiltak som vil få konsekvensar for deler av villabusetnaden innanfor planområdet. Tiltaket BBB, bustadar og garasjeanlegg, føreset at bustadhuset i Elvebakken 10 (gnr. 15, brn. 191) skal rivast. Bustadhuset er ein tomannsbustad frå 1917/1918 med garasje frå 1989.

På oppdrag frå Bob eiendomsutvikling og NLA Høgskulen har dermed Historikarverksemda utarbeidd denne tilleggsrapporten, som spesielt dokumenterer nyare tids kulturminner innanfor den aktuelle eigedomen (gnr. 15, brn. 191). Forutan bustadhuset og garasje, består eigedomen av opparbeida hagemark, innkøyrse og parkeringsareal.

Denne dokumentasjonen er basert på aktuell litteratur og kulturminne-dokumentasjonar, relevante kjelder – mellom anna kart, teikningar og fotografi – samt på observasjonar gjort under synfaring av planområdet og informasjon frå huseigar. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Ingrid Myrstad frå Historikarverksemda 2. mai 2016, 26. juni 2016 og 14. februar 2017. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under desse synfaringane, med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.

2. Bygningshistorikk

Eigedomen var opphavleg utmark under garden Nyhaugen i Fana, og blei med då bruket Minde blei skilt ut i 1856. I tida etter at jernbanestasjonen på Minde kom i 1893 blei det spurnad etter tomter i området. Minde blei selt i 1907 og deretter utparsellert. I slutten av 1920-åra var mesteparten av bruket villahagar, og folketalet auka sterkt i åra 1910–1930.

Bustadhuset Elvebakken 10 blei truleg bygd sommaren 1917. Dateringa stammar frå teikningar av huset frå 1923, der datoen på originalteikninga er notert. «Villa Rundhaug», ein «2 Mands Villa», blei teikna av ein I. Samdal 17. mai 1917. Det har ikkje lukkast å lokalisere noko meir informasjon om arkitekten. Huset ble truleg reist same år då det er synleg på eit postkort frå Minde tatt av K. Knudsen & Co. i perioden 1910–1918 (datert av UBB Billedsamlingen, sjå bilde side 7). Ifølge dagens eigar blei villaen bygd for ein skipper som fekk tømmeret spesialimportert i ei tid elles prega av stor materialmangel.

Elvebakken 10 er ein horisontaldelt tomannsbustad på tre etasjar og kjellar. Huset fekk påbygg mot aust i 1923 og garasje i 1989. Villaen er oppført i jugendstil med heilvalma skiferdekkta mansardtak med svai ved gesimsen, arker i takflata, midtstilt karnapp med altan og jugendprega vindauger med småruter i øvre ramme.

Tomta som huset blei reist på grenser til Mindemyren i vest og i nord, og det gamle løpet til elvefaret frå Tveitevatnet mot sør. Elva rant på nordsida av vegen Elvebakken fram til 1970-åra. Før det var hovudtilkomsten til eigedomen via ei gangbru som gjekk over elva. Forutan bustadhuset består eigedomen i dag av innkøyrsl, parkeringsareal, garasje, opparbeida hagemark og eit uthus- og terrasseanlegg.

Huset framstår i hovudsak slik det gjorde i 1920-åra eksteriørmessig. I vest hadde karnappet opphavleg utgang i front, men fekk ein gong etter 1970 sidedør og altan med trapp på høgre sida og fire smale vindauge i front. Det er også sett inn eit større vindauge i mønet i midtarka, og rekkverket på altanen skriv seg frå nyare tid. Mot aust har tilbygget frå 1923 ikkje lenger utgang og trapp frå kjøkkenet i første etasje eller utgang og altan i andre etasje. I tillegg er vindauga mot sør fjerna, og eit mindre vindauge mot nord i tilbygget er også tatt vekk. Det er sett inn eit lite vindauge sør for tilbygget i andre etasje og to takvindaug nærare møne. Mot nord har vindfanget fått eit takutspring i seinare tid. Så og sei alle vindauga er byta ut etter 1986, med unntak av eitt par av dei minste og eit i kjellaren. Sjølv om hovudtrykket er bevart i vindauga med små ruter øvst, har dei triple vindauga i fasaden mot vest eit anna uttrykk i dag. Opphavleg var ruta i midten breiare enn dei andre, eit typisk jugendstiltrekk. Sjå fotodokumentasjon og teikning av fasadane på side 9–12.

Innvendig er det lite som er bevart frå originalinteriøret. Dei to leilegheitene i første og andre etasje er kraftig ombygd, begge har fått nytt soverom og bad. I tillegg er alle flater puss opp i løpet av dei siste tiåra og det er så og sei ingen originale material eller detaljer som skin igjennom. Loftet er innreia til hybel, og i kjellaren er det innreia ei leilegheit som ein periode blei nytta som barnehage. Interiørmessig er det berre gangen og vindfanget i første etasje som har beholdt nokon av dei opphavlege detaljane. Sjå fotodokumentasjon side 17–20.

År	Tiltak	Kjelde
1907	Minde utparsellert	Johansen 1993: 100
1917/1918	Bustadhuset oppført i tre etasjar og kjellar	Byggesaksarkivet og UBB Billedsamlingen
1923	Tilbygg mot aust	Byggesaksarkivet
1943	Søkt om utvidelse av tilbygg, ble aldri gjennomført	Byggesaksarkivet
1985	Alle etasjer fikk bad.	Byggesaksarkivet
1980/1990-årene	Tilkomstveg og innkøyrsl på nordsida. Ny altan og utgang mot vest.	norgebilder.no og UBB Billedsamlingen
1989	Garasje	Byggesaksarkivet

3. Kart



Kartutsnitt som viser grn. 15, brn. 191. Henta frå bergenskart.no 24. februar 2017.

1. Elvebakken 10, tomannsbustad frå 1917
2. Garasje frå 1989 (sjå fotodokumentasjon side 15)
3. Terrasse, reist etter 1980 (sjå fotodokumentasjon side 13)
4. Uthus, reist etter 1980 (sjå fotodokumentasjon side 13)
5. Uthus, reist etter 1980 (sjå fotodokumentasjon side 13)

4. Foto

4.1 Historiske foto



Ortefoto av eigedomen og bustadhuset Elvebakken 10 (midt på bilda).

Øvst til venstre: 25. mai 1951

Øvst til høgre: 4. juni 1970


Nedst til venstre: 15. mai 1980

Nedst til høgre: 5. juni 2016


Henta frå norgebilder.no 24. februar 2017.



Bildet er fra Knud Knudsens postkortsamling og er tatt i perioden 1910–1918. Utsnittet under viser Villa Rundhaug, se pil. UBB Billedsamlingen, signatur ubb-kk-pk-0926, <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-pk-0926.html>




Villa Rundhaug er også synleg på eit postkort av Minde tatt av Atelier KK i 1926–1927. Bildet over viser aktuelt utsnitt. UBB Billedsamlingen, signatur ubb-kk-pk-1796, <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-kk-pk-1796.html>



Og på eit flyfoto frå Widerøesamlingen tatt 24. august 1970. UBB Billedsamlingen, signatur ubb-w-f-204883, <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-204883.html>

4.2 Dagens situasjon

4.2.1 Eksteriør





Fasade mot sør.



Fasade mot vest.



Fasade mot nord.



Fasade mot aust.


4.2.2 Uthus, hagenalegg, garasje og omgivnad



Uthus og terrasseanlegg på nordsida av huset.



Hageanlegg på sør- og vestsida av huset.




Garasje på sørsida av huset og tilhørende parkeringsplass langs Elvebakken.







Elvebakken 10 midt i bilda, med omgivnad. Øvst sett frå sør, nedst sett frå aust.


4.2.3 Interiør







Kjellar. Ny romstruktur teikna over den originale. Innreia leilegheit langs sørveggen, med toalett og kjøkken. Resten av kjellaren er lager og vaskerom. Trapp og eitt vindauge truleg originale.



Leilegheit i første etasje. Ny romstruktur teikna over den gamle. Vegg mellom «dagligstuen» og «salonen» revet. I dag soverom der «salonen» var. Det originale «soveværelset» er i dag mykje mindre enn originalt, då det er bygd bad i tilknytning til det. Så og sei ingen originale material eller detaljar er bevart frå originalinteriøret, mogleg noko av listverket og taket i gangen. Verandaen har fått ny utgang og trapp mot sør. Det finst ikkje nokon utgang i kjøkkenet. Vindaug i soverommet mot aust er bygd igjen.



Leilegheit i andre etasje. Ny romstruktur teikna over den gamle. Det originale «soveværelse» er i dag delvis bad og delvis ein del av stova – halve vegg mellom dei to romma er rive. Like eins med vegg mellom «daglegværelset» og «salonen». «Salonen» er bygd om til soverom, og entreen er utvida ut i gangen. Ingen originale material eller detaljar er bevart frå originalinteriøret.



Detaljar frå gangen og vindfanget i første etasje. Her er truleg ein stor del av panelet og listverket frå då huset vart bygd (det som er malt gult og kvitt). Så og med trappa, gelenderet, vindaug over ytterdøra og ytterdøra, døra ned til kjellaren og inn til rommet der toalettet var.

5. Avslutning

Tiltaket BBB, bustadar og garasjeanlegg, som ligg i planen inneber fortetting og vil føre til ei total omvelting av kulturmiljøet på eigedomen gnr. 15, brn. 191. Alle nyare tids kulturminner innanfor eigedomsgrensa vil bli fjerna – både bustadhuset, garasjen, uthuset, terrasse- og hageanlegget.

Dei nye tiltaka vil likevel ikkje svekke strøkskarakteren i nokon særleg grad. Parkeringsanlegget skal leggjast under jorda og vil ikkje vere synleg frå gateplan. Bustadane som skal byggast over jorda skal tilpassast villabusetnaden i form og omfang, og skal ikkje rage høgare enn Elvebakken 10 gjer i dag.

Eigedomen er også heilt i ytterkant av bustadfeltet i området, som i dag består av hus av svært blanda karakter og alder, men som er spesielt prega av villaer frå tidleg 1900-tal i sveitser- og jugendstil. Av dei ti bustadhusa som ligg innanfor planområdet er fem av dei sett opp i åra rundt 1920 og har eit relativt homogent arkitektonisk uttrykk. Dei er alle prega av samtidas jugendstil, noko som særleg kjem til uttrykk gjennom dei utprega mansardtaka. Av desse peikar dei fire villaene i Elvebakken 10, 12, 14 og Nyhaugveien 13 seg ut som spesielt interessante ut i frå stil, framtoning og bevarte detaljar og kan dermed seiast å ha høgast antikvarisk verdi. Likevel er desse villaene langt frå unike i nabolaget, som er prega av mange godt bevarte bustadhus frå same periode og med dei same jugend-prega stiltrekka.

6. Litteratur og kjelder

Byantikvaren i Bergen. 1997. *Kommunedelplan Næringskorridoren*. Kulturminnegrunnlag.

Byantikvaren i Bergen. 2008. *Kulturminnegrunnlag som innspill til strategiprogram for lokalsenter S 11 – Wergeland*. Kulturminnegrunnlag.

Byantikvaren i Bergen. 2013. *Kulturminnegrunnlag Mindemyren. Tillegg til kulturminnegrunnlag for næringskorridoren*.

Johansen, Karl Egil. 1993. *Fanabu og bymann*. Bind 3 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Larsen, Jacob T. 2002. *Gards- og ættesoge*. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Opus. 2010. *Delrapport for konsekvensutredning kulturminner og kulturmiljø for Minde Allmenning*. Kulturminnedokumentasjon.

Byggesaksarkivet, Bergen kommune.

Nettressursar:

Store norske leksikon – snl.no

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

norgeibilder.no

bergenskart.no

7. Vedlegg

Teikning av Elvebakken 10 frå 1923, basert på originalteikningane frå 1917.

2. Munds villa

Villa Rumborg.

Minde

Maassstab 1:100



West



Nord




Ost



Süd



Grundrissplan



1. Etage



2. Etage



Querschnitt

Made 1904-05
2. Ausgabe
Gezeichnet 1904-05
V. 1000